



# Austrheim Idrettslag

Postboks 22 - 5943 Austrheim

Austrheim Kommune  
v/Kommunedirektøren Bjørnar Fjellhaug  
Sætre marka 12  
5943 Austrheim

16.01.2022

## Innspel til plan for tilrettelegging av Årås skule

Austrheim idrettslag viser til vedtak i sak 131/21 - "Styringsgruppa: Val av løysing for tilrettelegging av Årås skule og godkjenning av forprosjekt Kaland skule" i Formannskapet 25.11.2021.

Austrheim idrettslag har stor aktivitet i nærområdet til Årås skule, og vil i den forbindelse komma med innspel relatert til utforming av uteområda og transportløysingane ved Årås skule (jf. pkt. 6 & 7 i vedtaket i sak 131/21).

Austrheim idrettslag vil også framheve at me har inngått ein langsiktig vedlikehaldsavtale med Austrheim kommune i forhold til enklare vedlikehald av idrettsbana, som generelt ettersyn og reinhald av uteområdet. Idrettslaget utfører også generelt vedlikehald av kunstgrasbana og løpebane, samt vintervedlikehold med snøbrøyting.

Austrheim idrettslag har følgande innspel til sak 131/21 som skal opp til ny behandling i formannskapet i februar:

1. For Austrheim idrettslag er det viktig med tilkomst til klubbhuset ved Idrettsbana, primært for trenarar og tillitsvalde i idrettslaget. Me ser for oss å bruke tilkomstvegen ved ungdommens hus, med bruk av bom med nøkkelbrikke. I tillegg bør det vurderast å utvide innkøringa og etablere eit langsgående gjerde for å sikre tryggleiken til gåande.

Idrettslaget har over mange år erfart at ved større arrangement, og når det er generell stor aktivitet i Austrheimhallen, er det behov for parkeringsmoglegheiter ved klubbhuset for å avlaste parkeringsarealet ved Austrheimhallen.

2. Uteområdet mellom Austrheimhallen og Årås skule viser seg i dag som lite presentabelt. Austrheim idrettslag ber om at dette området må opparbeidast i tråd med gjeldande reguleringsplan for området.

3. Parkeringsplassen ved Austrheimhallen må opparbeidast i tråd med gjeldande reguleringsplan. Denne parkeringsplassen blir mykje brukt både i samband med aktivitetar på dagtid relatert til Årås skule, og utanom i regi av Austrheim idrettslag og andre, ved aktivitetar og arrangement i Austrheimhallen eller ved idrettsbana. I forhold til trafiksikkerheit er det svært viktig at dette området blir tilrettelagt med lys, oppmerka parkeringsplassar, område for levering/henting, snusirkel for bilar, m.m.



## **Austrheim Idrettslag**

Postboks 22 - 5943 Austrheim

4. Austrheim idrettslag ber også om at området rundt parkeringsplassen ved Austrheimhallen blir rydda og sett i stand slik at dette blir ein triveleg plass å komma til både for fastbuande og tilreisande.

Idrettslaget tenkjer spesielt på område der me kjem inn på parkeringsområdet. Dette er i dag anleggsområdet for park og veg i teknisk avdeling. Her hadde det vore flott å få etablert eit lite grønt område med skilting som ønskjer brukarar og besøkande velkommen, samt informasjon om området. Idrettslaget stiller seg positiv til ein felles idedugnad om utforming av eit slikt tiltak. Vedlagt er utkast til mogleg utforming.



Med vennleg helsing  
Austrheim Idrettslag

For styret  
Kjersti Sætre, leiar